

Kompetanseplan for innføring av ny rammeplan 2006 – 2010

Hovudtema	Tidspunkt	Innhold felles satsingsområde og spesielle fagkurs	Målgruppe	Arena / metode
Barnehagen som oppvekstarena i eit demokratisk samfunn	2006 / 2007	Grunnleggjande haldingar og verdiar, syn på barn, anerkjennande kommunikasjon Medverknad; barn og foreldre	Heile personalgruppa	Felles planleggingsdag haust –06. Oppfølging på interne møter
		Likestilling	Interesserte	Kurs med påmelding
		Rommet som den tredje pedagog	Interesserte	Kurs med påmelding
		Dei minste barna	Interesserte	Kurs med påmelding
		IKT	Interesserte	Kurs med påmelding
		Filosofi	Interesserte	Etter- og vidare- utdanning
		Overgang barnehage - skule		
Barnehagen som læringsarena	2007 / 2008	Leik i læring, læring i leik, livslang læring. Læringsstrategiar	Heile personalgruppa	Felles planleggingsdag haust–07. Oppfølging på interne møter
		Tal, rom og form	Interesserte	Kurs med påmelding
		Didaktikk	Interesserte	Kurs med påmelding
		Natur, miljø, teknikk	Interesserte	Kurs med påmelding
		Kropp, bevegelse og helse	Interesserte	Kurs med påmelding
Barnehagen som arena for utvikling av individ og organisasjon	2008 / 2009	Kvalitetssikring gjennom planlegging, dokumentasjon, vurdering. Barnehagen som lærande organisasjon; fokus på utvikling av system og individ.		Felles planleggingsdag august –08. Oppfølging på interne møter
		Korleis drive utviklingsarbeid	Interesserte	Kurs med påmelding

Kompetanseplan for innføring av ny rammeplan 2006 – 2010

Barnehagen som kulturarena i eit fleirkulturelt samfunn	2009 / 2010	Språkleg og kulturelt mangfald	Heile personalgruppa	Felles planleggingsdag haust –09. Oppfølging på interne møter
		Kunst, kultur og kreativitet	Interesserte	Kurs med påmelding
		Etikk, religion, filosofi	Interesserte	Kurs med påmelding

Gjennomgåande tema / innhald utviklingsområde alle fire åra (2006-2010):

Leiarutvikling: Leiing av barnehagen i endring og utvikling. Målgruppe er tenesteleiarar / styrarar i reine barnehagar. Vi lærer og brukar coaching som metode for organisasjonsutvikling og personleg utvikling. Dette vil gå føre seg på eigne samlingar og på nettverksmøte.

Fagnettverk for pedagogiske leiarar. Vi vidarefører og vidareutviklar dagens ordning. Pedagogiske leiarar i barnehagane er organiserte i seks grupper på tvers av barnehagane og samlast ein halv dag to gongar pr. semester. Innhald på nettverksmøta er årets hovudtemaet i planen med særleg fokus på utfordringar pedagogen møter som personaleleiar. I løpet av perioden vi ein vurdere å endre fokus frå personalleiing til meir fagleg fokus.

Kompetanseutvikling for assistentar/fagarbeidarar. Vi vil etablere læringsarenaer også for denne målgruppa. Vi vil vurdere kva metode og form for organisering som er mest tenleg; fagnettverk eller fagkurs. Det vil verte påmelding og deltaking etter interesse.

Aktuelle tema på fagnettverk/ kurs kan vere:

- Dei minste i barnehagen
- Likestilling og likeverd
- Musikk / drama
- Tal, rom, form
- Språk; språkutvikling, forteljning
- Kropp, rørsle og helse
- IKT
- Rettleiing